NAMN:
KLASSE:

SPRÅK LESE SKRIVE MUNNLEG

Fleire uttrykkjer bekymring for at **undom** brukar for mykje tid på «gaming». Skriv ein **drøftande artikkel** om **positive og negative sider** ved **ungdom sin bruk av dataspel**.

DRØFTANDE ARTIKKEL
VIKTIGE SJANGERTREKK

Overskrift

- **inngangen** til teksten
- gi **informasjon** om kva artikkelen **handlar om**, **skape merksemd**, **nysgjerrigheit** og seie noko om **fordelen med å lese teksten**
- **påstanden** du skal diskutere kan vere **formulert** som eit **spørsmål** eller ei **spissformulering**
- vanleg å **sløyfe punktum i overskrifter**

Innleiing

- **fortelje** lesaren kva den drøftande artikkelen **handlar om**
- **informere kort** om **bakgrunnen** for at du stiller eit **bestemt spørsmål**
- eit **alternativ** er å **røpe konklusjonen i innleiinga**

Deloverskrifter

-**deler opp drøftinga** slik at det blir **enklare å lese**
- fortel litt om **kva** ein kan **finne** i den **neste tekstdelen**
- bør **pirre nysgjerrigheita** slik at lesaren vel å lese heile drøftinga
- vanleg å **sløyfe punktum i deloverskrifter**

Hovuddel

- **drøfte påstanden** du har tatt med i **innleiinga**
- vil seie å **bruke saklage argument** og **diskutere med seg sjølv** eller andre
- **argumenta** som blir brukt når ein drøftar står sterkt dersom dei både er **riktige og viktige**
- **nemne dei viktigaste argumenta først**
- **oppgje evt. kjelder på argument**
- bruk **argument som talar både for og mot**
- trekkje inn **moment** som **byggjer opp under** eller **svekkar hovudpåstanden**
- **hald kjenslene for deg sjølv**
- **momenta** i drøftinga skal **vere viktige** og **ha noko med temaet å gjere**

Ordval

- bruke **faste ord og uttrykk**
- ord som **markerar disposisjon**: **først, for det første, for det andre, vidare, på den eine sida, på den andre sida, avslutningsvis, som ein konklusjon**
- ord som **viser tankegang**: **altså, nettopp, berre, vel, jo, også, òg, forresten, dessutan, sikkert, likevel, visst, ikkje, snarare, slik, heller, elles, så, på denne måten, i samband med dette**
ord som **viser til eksempler**: **til dømes, i tillegg, i tillegg til, dessutan, samtidig, på denne måten, difor, likevel, altså, dessutan, for, så, dermed, sjølv om, forresten**
- **språklige dempere**: **truleg, kanskje, av og til, sannsynlegvis, iblant, nokre, enkelte gongar**
- **språklige forsterkere**: **alltid, utan tvil, absolutt, heilt sikkert, aldri, alle**
- **tekstbindingsord**: **alltid, utan tvil, absolutt, heilt sikkert, aldri, alle**

- **innleie leddsetningar: at, som, kva, kvar, korleis, fordi, sidan, sidan, når, då, endå, sjølv om, om, for at, slik at, viss, dersom, viss, medan, så, di meir ... dess, jo ... jo, trass i**

Spørsmål

- **påstanden** som **diskuterast** kan vere **formulert som eit spørsmål**
- bruke **som overskrift** på artikkelen
- **treng ikkje røpe konklusjonen** før i slutten av teksten

Spissformulering
- ein **påstand kan også vere ei spissformulering** som heng saman med konklusjonen

Konklusjon
- **oppsummere** drøftinga

NAMN:
KLASSE:

DIGITALT
ARBEID HER

VURDERING
DRØFTANDE ARTIKKEL

SPRÅK · LESE · SKRIVE · MUNNLEG

KRITERIUM	LÆRARVURDERING (LÅG – MIDDELS – HØG)	EIGENVURDERING (LÅG – MIDDELS – HØG)
Oversiktleg layout		
Har spenstige og engasjerande over- og underoverskrifter		
Innleiing som samen med overskrifta gir nok informasjon til at leseren kan forstå kva teksten handlar om		
Eventuelle tilbakevisningar av påstandar andre har kome med		
Bruk av argument (haldbare, begrunna, dei viktigaste først, drøfting, ulike typer argument, relevante)		
Bruk av faktainformasjon		
Meiningar og synspunkt kjem fram		
Har ei avslutning som oppsummerar hovudpoenget eller egen meining		
Har underskrift		
Bruk av ord og uttrykk som bind teksten godt saman og tjener saka		
Er sakleg, drøftande, subjektiv og appellativ		
Tydeleg språktone (sint, glad, skuffa, takknemmeleg, vennleg, ironisk)		
Rettskriving		
Teiknsetjing		
Bruk av eventuelle kjelder på riktig måte		

LÅG – MIDDELS – HØG

1 – 2 – 3 – 4 – 5 – 6

EIGNE TANKAR OM PROSESS OG RESULTAT

Her skriv du **dine tankar** og **refleksjonar** om **arbeidet** du har gjort.

TEKSTUTVIKLING

Rett feil fra teksten din.

FEIL	RETTING

KORLEIS KAN TEKSTEN MIN BLI BETRE?

-
-
-
-
-
-
-